



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Dykkar ref	Vår ref	Dato
	16/3086-1	08.08.2016

Invitasjon til innspelmøte om kostnadsnøkkelen for båt og ferje

Kommunal- og moderniseringsdepartementet inviterer med dette til innspelmøte om kostnadsnøkkelen for båt og ferje i inntektssystemet for fylkeskommunane. Departementet har sett ut eit prosjekt som skal sjå nærare på denne kostnadsnøkkelen, og vi ønskjer å få innspel til prosjektet frå representantar frå sektoren.

Bakgrunn

Dagens kostnadsnøkkel for båt og ferje er sett saman av kriteria "fylkesfaktor for båtar" og "tal på ferjesamband", og blei innført då inntektssystemet for fylkeskommunane blei revidert i 2015. Departementet har no sett ut eit prosjekt som skal undersøke årsakar til variasjonar mellom fylkeskommunane i utgiftsbehovet til båtar og ferjer. Prosjektet skal komme med innspel til ein ny kostnadsnøkkel som er betre eigna til å fange opp variasjonar mellom ulike samband og fylkeskommunar, og som i større grad er basert på objektive kriterium.

Prosjektet blir gjennomført av Møreforskning og skal ferdigstillast innan 1. februar 2017. Resultata vil bli presenterte i kommuneproposisjonen for 2018, som blir lagt fram for Stortinget i mai neste år.

Innspelmøte

Departementet ønskjer å involvere fylkeskommunane i prosjektet, mellom anna for å få innspel til forhold som bør undersøkast nærare. Fylkeskommunane kan òg ha ei viktig rolle når det gjeld å skaffe informasjon og data til gjennomføringa av prosjektet. Vi vil derfor arrangere eit innspelmøte med deltaktarar frå sentrale båt- og ferjefylke, KS, Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Møtet vil finne stad i Oslo i veke 37 (ein av dagane 12.–16. september), og vi vil sende ut nærare informasjon om prosjektet før møtet. Vi planlegg òg med eit møte i desember, der førebelse resultat vil bli presentert.

Vi inviterer alle fylkeskommunar med både båt- og ferjeruter til å stille med éin representant på innspelmøtet. Vi håper de har høve til å stille, og ber i så fall om at de tek kontakt med Lars Tore Rydland (lars-tore.rydland@kmd.dep.no, telefon 22 24 68 80) for å gjere nærare avtale.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)
underdirektør

Lars Tore Rydland
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur

Kopi:
Kommunesektorens organisasjon
Samferdselsdepartementet

Adresseliste

Finnmark fylkeskommune	Fylkeshuset	9815 VADSØ
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404 MOLDE
Nordland fylkeskommune	Prinsens gate 100	8048 BODØ
Nord-Trøndelag fylkeskommune	Seilmakergata 2	7735 STEINKJER
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001 STAVANGER
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset, Askedalen 2	6863 LEIKANGER
Sør-Trøndelag fylkeskommune	Postboks 2350 Sluppen	7004 TRONDHEIM
Troms fylkeskommune	Postboks 6600	9296 TROMSØ